



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Rådhus Valldal
Dato: 27.11.2025
Tid: Kl. 16:00 - 21:20

Medlemmer:	Parti
Jens Einar Aklestad	AP
Espen Heitmann	Frp
Ester Reidun Vinje Nilsen	H
Jan Are Remme	H
Lars Kristian Øvrebust	Sp (permisjon, kom til møte kl. 16:30)
Terese Jemtegård Moen	Sp
Dagrun Agnes Vikesland	SV

Inhabile	Sak	Varamedlem	Merknad
Jan Are Remme	107/25	,	jfr. Fvl. §6 e, 2. punkt

Frå administrasjonen møtte:

Kommunedirektør Bjørn Inge Ruset
Kommunalsjef Oppvekst og kultur Mariann R. Birkhol
Kommunalsjef Teknisk Freddy Hanssen
Kommunalsjef Helse, omsorg og velferd Sindre Søvik Erstad
Økonomisjef Dag Olav Tennfjord
Fagleiar rekneskap Kari Slettebak
Seniorrådgivar økonomi Arne Krohn
Personalsjef Marius Moe
Sekretær Alexander Oudijk

Andre som møtte:

Styreleiar i Valldal Fjernvarme AS Leif Rune Vinje

Terese Jemtegård Moen
ordfører

Alexander Oudijk
sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
104/25	Godkjenning av møtebok
105/25	Budsjett 2026 - Økonomiplan 2027-2029
106/25	Årlig rullering av delplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2026
107/25	Handsaming av søknad om dispensasjon frå arealføremål Vannareal for allmenn flerbruk i kommuneplanen sin areal del for vidareføring av eksisterande akvakulturlokalitet 37797 Skjortneset.
108/25	SØKNAD OM DISPENSASJON – GBNR.10/83, OMNOSÅSEN
109/25	Veterinærteneste
110/25	Næringsfondet 2025 - Dyrkorn Vannverk BA - Saksvurdering
111/25	Næringsfondet 2025 - Meretes Garden Myklebust-Saksutgreiing
112/25	Næringsfondet 2025 - Simek AS - Saksutgreiing
113/25	Næringsfondet 2025 - Vad Eiendom - Saksutgreiing
114/25	Næringsfondet 2025 Bjørstad Velvære
115/25	Næringsfondet 2025 Eidsdal hotel & Resturant As
116/25	Næringsfondet 2025 Leif Grønning - Saksutgreiing
117/25	Val av politisk representant og vara til Ottadalsrådet
118/25	Referatsaker
119/25	Handlingsplan mot vald i nære relasjonar for kommunane på Sunnmøre 2026-2030

Orientering Valldal Fjernvarme AS:

Møtet starta med ei orientering frå Valldal Fjernvarme AS v/ styreleiar Leif Rune Vinje. Møtet vart lukka jfr. Offl. §23, 4. ledd.

Merknader til innkalling:

- I oppdrag av ordføraren vart det sendt ut 2 ekstra vedlegg i sak 112/25, i lag med innkallinga til formannskapsmøte:
 - Vedlegg 1 - FS-sak 112-25 - Justert søknad til Næringsfondet - Simek AS
 - Vedlegg 2 - FS-sak 112-25 - E-postoversending - Justert søknad til Næringsfondet - Simek AS
- Ettersending av korrekt oppsett av investeringsbudsjett per e-post 26.11.25.

Ingen merknader til sakliste.

104/25: Godkjenning av møtebok

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

Formannskapet 27.11.2025:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 104/25 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

105/25: Budsjett 2026 - Økonomiplan 2027-2029

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Fjord kommunestyre vedtek Budsjett for 2026 og Økonomiplan for 2026 – 2029 i samsvar med vedlagte budsjettdokument.
2. Driftsbudsjett vert vedteke i samsvar med vedlagt budsjettdokument kap 12, Bevilgningskjema drift del 1 og del 2.
3. Investeringar vert vedteke i samsvar med vedlagt budsjettdokument kap 15, Bevilgingsskjema investering - del 2.
4. Investeringar vert finansisert ved låneopptak, tilskot, bruk av mva kompensasjon og bruk av ubunde investeringsfond i samsvar med vedlagt budsjettdokument kap 15, Bevilgingsskjema investering - del 1.
5. Fjord kommunestyre godkjenner låneopptak i 2026 til finansiering av investeringar, stort kr. 13 150 600,-.
6. Fjord kommunestyre gjev kommunedirektør fullmakt til å ta opp driftskreditt i 2026 på inntil kr 40,0 mill. kroner.
7. Ordførar si godtgjersle 2026 vert fastsett til 8,5 G, for tida kr. 1 105 360,- .
8. Fjord kommunestyre vedtek at det skal skrivast ut eigedomsskatt i Fjord kommune i eigedomsskatteåret 2026, jf. eigedomsskattelova § 2.
9. Utskriving av eigedomsskatt 2025 vert gjort i samsvar reglar i eigedomsskattevedtektene for Fjord kommune, vedteke av kommunestyret 21. mars 2024 og eigedomsskattelova § 10.
10. For eigedomsskatteåret 2026 skal Fjord kommune skrive ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 bokstav c, dvs «berre på kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. "

11. Skattesatsen for skattepliktige eigedommar i Fjord kommune skal i 2026 vere 7 promille.
12. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd. Første termin 20 mars, 2. termin 20 juni, 3. termin 20. september og fjerde termin 20. desember.
13. Driftstilskot 2026 til Storfjorden kyrkjelege fellesråd vert sett til kr 3 060 000. Generelt Investeringsstilskot kr 400.000.
14. Budsjettramme 2026 til kontroll og revisjon (jfr. vedlagt forslag frå Fjord kontrollutval) vert sett til kr 1 596 429.
15. Fjord kommunestyre godkjenner vedlagte Klimabudsjett 2026.
16. Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 med dei endringane som følgjer av voteringar og vedtak gjort i møte, vert vedteke.

Formannskapet 27.11.2025:

Behandling:

Forslag til investeringsbudsjett 2026-2029 - nytt pkt. 3, foreslått av Jan Are Remme, Høgre

Bevilgningsoversikt investering, del 2

Bevilgningsoversikt investering, del 2				ØKONOMIPLAN			
Investering pr. prosjekt.		Restbudsjett 2025	OM- fordeling 2025	2026	2027	2028	2029
I130101	Digitalisering av gml.arkiv	- 55 257		500 000	500 000	500 000	
I130202	Digitalisering/IKT felles plattform	- 254 840		1 500 000	400 000	400 000	400 000
I130203	Systemutvikling	450 000	500 000	262 000			
I133002	Kyrkja	400 000		400 000	400 000	400 000	400 000
I200001	Digitale læremidlar	60 689	200 000		300 000	300 000	300 000
I300002	Velferdsteknologi helse 2025	300 000		300 000	300 000	300 000	300 000
I370001	Pasientvarsling Stordalstunet	53 535	- 53 535				
I370002	Inventar - hjelpemiddel Stordalstunet	283 010	810 000				
I380002	Inventar-hjelpemiddel Valldal sjukeh	139 630	190 000	1 507 500			
I391001	Opplevingspark Valldal	507 810					
I420501	Investering i bilar	530 000		500 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
I420502	Bilar TLM	370 000					
I421002	Parkering Ytterli,Rønneberg	198 900	- 198 900				
I421003	Vegar/bruer Fjord	4 140 377		-	3 000 000	3 000 000	3 000 000
I421004	Veg øvre Dyrkorn	2 492 827					
I421005	Griggås, veg og tekn.anlegg	208 858	- 208 858				
I421006	Grunnerverv tidlegare prosjekt	64 093					
I421007	Rekkverk veg	150 000	150 000		150 000	150 000	150 000
I421008	Oppgradering/asfaltering vegar	96 387		2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
I421103	Stordal kai	500 000		3 000 000			
I430002	Planarbeid Omenås bustadfelt	1 150 000	- 1 150 000				
I430004	Oppgradering/sikring av leikeplassar	36 239	200 000		200 000	200 000	200 000
I430005	Planarbeid sjøareal	900 000					
I430006	Sentrumsutvikling	250 000					
I430007	Kartlegging skredfare Fjord komm.	466 187	200 000				
I430008	Arealplan	- 226 621	1 150 000				
I430009	Reguleringsplan Eidsdal sentrum	150 000	- 150 000				
I450005	Brannbil beredskap Eidsdal	-					
I450006	Redningsbil brann	1 000 000	- 1 000 000				
I430014	Digitalisering av teikningar TLM	201 250			300 000	300 000	
I450007	Brannstasjonar Eidsdal og Valldal oppgradering	- 69 000					
20-Øk.plan	Bygging Rein/Skitten sone brannst. Valldal					2 050 000	
21-Øk.plan	Bygging Rein/Skitten sone brannst. Eidsdal					1 800 000	
I470101	Vassverkutbygging Fjord	5 120 107		1 000 000	4 500 000	6 500 000	6 000 000
I492006	Oppgradering/utviding Syltebøen bhg	-					
I470201	Avløpsanlegg Fjord	3 435 436		1 000 000	4 500 000	6 500 000	6 000 000
I492003	Eidsdal skule oppgradering	12 957 718	- 2 507 718		12 800 000	2 750 000	
I492009	LED-lys kommunale bygg	384 460	400 000		400 000	400 000	
I492010	Universell utforming Valldal Skule	94 223					
I492103	Vaskeroboter	43 744	200 000				
I492305	Valldal Fjernvarme varmesentral	250 000			250 000	250 000	
I492407	Eidsdal omsorgsbustader, Renovasjonsskur	150 000					
I492408	Stordalstunet pergola	83 871					
I492409	Hybler/leiligheter open omsorg Valldal	999 771					
I430010	Industriområder nye areal Fjord	-					
I492007	Dalsbygda bhg rassikring + oppgr. uteområde		350 000				
1-Br.	Brannbil 1992 mod (Valldal)					2 300 000	
2-Br.	Brannbil 1994 mod (Eidsdal)						2 300 000
3-Br.	Tankbil 98 mod Eidsdal)						
4-Br.	Tankbil 1987 mod (Stordal)					1 500 000	
I450008	Pumpe (type berbar (75) (Eidsdal, Valldal, Stordal)	450 000					
?	Pumpe (type stor på hengar) 8150)	-			300 000		
?	Elektriske vifter - røkavleding (V+E)	-			190 000		
1-Øk.plan	Stordal skule oppgradering mellombygg	-			400 000		
2-Øk.plan	Oppgradering symjebasseng	-					
3-Øk.plan	Elektronisk låssystem kommunale bygg	-			500 000	250 000	250 000
4-Øk.plan	Roa bygg med 4 utleigeleiligheter	-		500 000			
5-Øk.plan	Tafjord friluftsbad	-	-				
6-Øk.plan	Stordal kommunehus forprosjekt	-	319 011				
7-Øk.plan	Eidsdal omsorgsbustader, oppgr kjøkken i kvar leilegheit	-			400 000		
8-Øk.plan	Dalsbygda barnehage nytt tak	-				1 500 000	
9-Øk.plan	Valldal sjukeheim heiser	-				1 200 000	
10-Øk.plan	Plan for overflatevatn	-	600 000				
11-Øk.plan	Traktor Valdal - hengar Stordal	-		1 000 000	200 000		
12-Øk.plan	"Verktøy" teknisk	-		300 000			
15-Øk.plan	Reguleringsplan Valldal sentrum	-		600 000	500 000		
16-Øk.plan	Utviklings- og reguleringsplan Stordal sentrum	-		600 000	500 000		

Ved ein redigeringsfeil vart nokre linjer utelatt i det utsende budsjettdokumentet. Alle summar med meir er rett.

Korrekt oppsett av investeringsbudsjett (dei linjene dette gjeld er merka med grønt) vart ettersendt til formannskapet per e-pos 26.11.26.

Seniorrådgivar økonomi Arne Krohn gav ei orientering i saka og svarte på spørsmål.

Kommunalsjef Helse, omsorg og velferd Sindre Søvik Erstad orienterte om måldata for drift i pleie- og omsorg (PLO) og gav ei løypemeling for helse, omsorg og velferd.

Jan Are Remme (H) la fram fellesframlegg til vedtak frå Fjord Høgre og Frp til nytt punkt 3 - Investeringsbudsjett 2026-2029.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 4 stemmer (57%) - AP 1, Sp 2, SV 1

Forslag til investeringsbudsjett 2026-2029 - nytt pkt. 3: 3 stemmer (43%) - Frp 1, H 2

Jan Are Remme (H), Andre partier: Frp

FS- 105/25 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Fjord kommunestyre vedtek Budsjett for 2026 og Økonomiplan for 2026 – 2029 i samsvar med vedlagte budsjettdokument.
2. Driftsbudsjett vert vedteke i samsvar med vedlagt budsjettdokument kap 12, Bevilgningskjema drift del 1 og del 2.
3. Investeringar vert vedteke i samsvar med vedlagt budsjettdokument kap 15, Bevilgingsskjema investering - del 2.
4. Investeringar vert finansisert ved låneopptak, tilskot, bruk av mva kompensasjon og bruk av ubunde investeringsfond i samsvar med vedlagt budsjettdokument kap 15, Bevilgingsskjema investering - del 1.
5. Fjord kommunestyre godkjenner låneopptak i 2026 til finansiering av investeringar, stort kr. kr. 13 150 600,-.
6. Fjord kommunestyre gjev kommunedirektør fullmakt til å ta opp driftskreditt i 2026 på inntil kr 40,0 mill. kroner.
7. Ordførar si godtgjersle 2026 vert fastsett til 8,5 G, for tida kr. 1 105 360,- .
8. Fjord kommunestyre vedtek at det skal skrivast ut eigedomsskatt i Fjord kommune i eigedomsskatteåret 2026, jf. eigedomsskattelova § 2.
9. Utskriving av eigedomsskatt 2025 vert gjort i samsvar reglar i eigedomsskattevedtektene for Fjord kommune, vedteke av kommunestyret 21. mars 2024 og eigedomsskattelova § 10.
10. For eigedomsskatteåret 2026 skal Fjord kommune skrive ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 bokstav c, dvs «berre på kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. "

11. Skattesatsen for skattepliktige eigedommar i Fjord kommune skal i 2026 vere 7 promille.
12. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd. Første termin 20 mars, 2. termin 20 juni, 3. termin 20. september og fjerde termin 20. desember.
13. Driftstilskot 2026 til Storfjorden kyrkjelege fellesråd vert sett til kr 3 060 000. Generelt Investeringsstilskot kr 400.000.
14. Budsjettramme 2026 til kontroll og revisjon (jfr. vedlagt forslag frå Fjord kontrollutval) vert sett til kr 1 596 429.
15. Fjord kommunestyre godkjenner vedlagte Klimabudsjett 2026.
16. Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 med dei endringane som følgjer av voteringar og vedtak gjort i møte, vert vedteke.

106/25: Årlig rullering av delplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2026

Kommunedirektøren si innstilling:

Prioritert handlingsprogram for spelemidlar 2026 vert vedteke slik det ligg føre etter tilrådinga.

Formannskapet 27.11.2025:

Behandling:

Saka vart drøfta.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 106/25 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

Kommunedirektøren si innstilling:

Prioritert handlingsprogram for spelemidlar 2026 vert vedteke slik det ligg føre etter tilrådinga.

107/25: Handsaming av søknad om dispensasjon frå arealføremål Vannareal for allmenn flerbruk i kommuneplanen sin arealdel for vidareføring av eksisterande akvakulturlokalitet 37797 Skjortneset.

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune gir med heimel i plan- og bygningslova § 19-3 mellombels dispensasjon til Hofseth Sea Farming AS frå arealføremål *Vannareal for allmenn flerbruk* i kommuneplanen sin arealdel for vidareføring av eksisterande akvakulturlokalitet 37797 Skjortneset. Dispensasjon vart gjeve fram til kommunedelplan for Sjøarealplan for Fjord, Stranda og Sykkylven (planID 202102) er vedteke.

Dispensasjonen er gjeve på følgjande vilkår:

1. Søkjaren må dokumentere tryggleikstiltak mot flodbølgje som sekundær verknad av fjellskred frå Åkneset;

2. Fortøyingar skal ikkje kome i konflikt med fiskeriinteressar ved garnområdet "Stordalsvika".

Formannskapet 27.11.2025:

Behandling:

Søknad om dispensasjon , foreslått av Dagrun Agnes Vikesland, Sosialistisk venstreparti
I medhald av §19-2 finn Fjord formannskap ikkje å kunne gi dispensasjon til vidareføring av eksisterande akvakulturanlegg 37797 Skjortneset.

Etter ei samla vurdering finn ein at ulempene er større enn fordelane. Disse ulempene kjem godt fram i saksutgreiinga, og ein har lagt særleg vekt på miljømessige problemstillingar.

Det er behov for ei stor omstilling av næringa, men ei utsleppsfri oppdrettsnæring med god dyrevelferd, som ikkje forureinar fjordane våre eller skadar villaksen vil bidra positivt i ei verd som treng meir berekraftig mat.

Jan Are Remme (H) ba om å få vurdert sin habilitet på grunn av at han har ei ledende stilling i Hofseth AS som er part i saken. Jan Are Remme (H) gjekk frå møtet før behandling av habilitetsspørsmålet.

Det vart røysta over habilitetsspørsmålet. 6 Voterande til stades.

Jan Are Remme (H) vart samrøystes kjent inhabil jfr. Fvl. §6e 2. punkt.

Dagrun Agnes Vikesland (SV) fremma nytt forslag til vedtak.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 5 stemmer (83%) - AP 1, Frp 1, H 1, Sp 2

Søknad om dispensasjon : 1 stemme (17%) - SV 1

Dagrun Agnes Vikesland (SV)

FS- 107/25 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune gir med heimel i plan- og bygningslova § 19-3 mellombels dispensasjon til Hofseth Sea Farming AS frå arealføremål *Vannareal for allmenn flerbruk* i kommuneplanen sin arealdel for vidareføring av eksisterande akvakulturlokalitet 37797 Skjortneset. Dispensasjon vart gjeve fram til kommunedelplan for Sjøarealplan for Fjord, Stranda og Sykkylven (planID 202102) er vedteke.

Dispensasjonen er gjeve på følgande vilkår:

1. Søkjaren må dokumentere tryggleikstiltak mot flodbølgje som sekundær verknad av fjellskred frå Åkneset;
2. Fortøyingar skal ikkje kome i konflikt med fiskeriinteressar ved garnområdet "Stordalsvika".

108/25: SØKNAD OM DISPENSASJON – GBNR.10/83, OMNOSÅSEN

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Fjord kommune gjev dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 for bruk av eit avgrensa areal på om lag 44,5 m² i utkanten av friarealet Fr3 til tilkomst for eigedomen GBNr 10/83.
2. Løyvet er knytt til eigedomen GBNr 10/83 og gjeld for alle framtidige eigarar.
3. Arealet skal ikkje seljast eller fradelast, og skal framleis vere kommunalt friareal. Løyvet gjeld berre bruk av arealet til tilkomstveg.
4. Tiltaket skal gjennomførast slik at leikeområdet, møteplassen og snarvegen gjennom friarealet vert halde urørt. Nødvendig sikring plasserast utanfor snarvegtraseen dersom det oppstår fallhøgder over 0,5 meter.

5. Overvasshandtering og utforming av tilkomspunktet skal gjerast slik at det ikkje skjer avrenning eller grusutgliding frå privat veg til kommunal veg.
6. Eigedomen GBnr 10/83 har varig ansvar for vedlikehald, skjøtsel, tryggleikstiltak og vintervedlikehald på den delen av arealet som vert nytta til tilkomstveg.
7. Løyvet fell bort dersom tiltaket ikkje vert gjennomført i samsvar med vilkåra ovanfor, eller dersom området ikkje vert halde ope og tilgjengeleg som friareal.

Formannskapet 27.11.2025:

Behandling:

Jan Are Remme (H) tok sete i møtet igjen. 7 Voterande til stades.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 108/25 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Fjord kommune gjev dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 for bruk av eit avgrensa areal på om lag 44,5 m² i utkanten av friarealet Fr3 til tilkomst for eigedomen GBnr 10/83.
2. Løyvet er knytt til eigedomen GBnr 10/83 og gjeld for alle framtidige eigarar.
3. Arealet skal ikkje seljast eller fradelast, og skal framleis vere kommunalt friareal. Løyvet gjeld berre bruk av arealet til tilkomstveg.
4. Tiltaket skal gjennomførast slik at leikeområdet, møteplassen og snarvegen gjennom friarealet vert halde urørt. Nødvendig sikring plasserast utanfor snarvegtraseen dersom det oppstår fallhøgder over 0,5 meter.
5. Overvasshandtering og utforming av tilkomspunktet skal gjerast slik at det ikkje skjer avrenning eller grusutgliding frå privat veg til kommunal veg.
6. Eigedomen GBnr 10/83 har varig ansvar for vedlikehald, skjøtsel, tryggleikstiltak og vintervedlikehald på den delen av arealet som vert nytta til tilkomstveg.
7. Løyvet fell bort dersom tiltaket ikkje vert gjennomført i samsvar med vilkåra ovanfor, eller dersom området ikkje vert halde ope og tilgjengeleg som friareal.

109/25: Veterinærteneste

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune innvilgar inntil kr 250 000 for 2026 i tilskot i Ørskog veterinærdistrikt. Tilskotet skal nyttast som næringstønad til dei veterinærane som til ei kvar tid har avtale med kommunane om utøving av veterinærvakta, medrekna deira underleverandørar/vikarar. Kostnaden vert lagt på teknisk, landbruk og miljø sitt budsjett.

Det er ein føresetnad at dei fire kommunane som inngår i vaktområdet bidrar med likeverdig tilskotsbeløp på til saman 1 000 000 kroner.

Formannskapet i Fjord kommune bed administrasjonen om å jobba vidare med å få plass langsiktige og berekraftige løysingar for å ha veterinærdekning i framtida, saman med dei andre kommunane i samarbeidet.

Formannskapet 27.11.2025:

Behandling:

Jens Einar Aklestad (Ap) spurte om saka også skal behandlast av kommunestyret.
Kommunedirektøren undersøker dette.

Voting nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 109/25 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune innvilgar inntil kr 250 000 for 2026 i tilskot i Ørskog veterinærdistrikt. Tilskotet skal nyttast som næringstønad til dei veterinærane som til ei kvar tid har avtale med kommunane om utøving av veterinærvakta, medrekna deira underleverandørar/vikarar. Kostnaden vert lagt på teknisk, landbruk og miljø sitt budsjett.

Det er ein føresetnad at dei fire kommunane som inngår i vaktområdet bidrar med likeverdig tilskotsbeløp på til saman 1 000 000 kroner.

Formannskapet i Fjord kommune bed administrasjonen om å jobba vidare med å få plass langsiktige og berekraftige løysingar for å ha veterinærdekning i framtida, saman med dei andre kommunane i samarbeidet.

110/25: Næringsfondet 2025 - Dyrkorn Vannverk BA - Saksvurdering

Kommunedirektøren si innstilling:

Søknaden vert ikkje innvilga

Formannskapet 30.10.2025:

Behandling:

Fellesframlegg til utsetting av saka., foreslått av ,
Saka vert utsett.

Økonomisjef Dag Olav Tennfjord orienterte generelt om status for næringsfondet og samla budsjett for 2025. Før ein kom til realitetsbehandling av sakene til næringsfondet kom ein til at ein ville utsette desse sakene til neste møte.

Det vart lagt fram fellesforslag til vedtak om å utsette saka.

Voting nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Fellesframlegg til utsetting av saka.**

For: 6 stemmer (100%) - Frp 1, H 1, H 1, Sp 1, SP 1, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 094/25 Vedtak:

Saka vert utsett.

Formannskapet 27.11.2025:

Behandling:

Tillegg, foreslått av Dagrun Agnes Vikesland, Sosialistisk venstreparti

Formannskapet ber administrasjonen innarbeide ei rutine med rapportering på gjennomføring og økonomisk resultat til formannskapet på prosjekt som har fått stønad.

Økonomisjef Dag Olav Tennfjord presenterte i forkant av behandling av næringsfondsakene ei oversikt over tildelte og disponible midlar i næringsfondet for 2025, og ei oppsummering over søknader i andre halvåret 2025 til behandling.

Dagrun Agnes Vikesland (SV) fremma fellesforslag til vedtak som skal gjelde for alle næringsfondsakene som kommunen behandler, og som skla innarbeidast i vedtektene for næringsfondet for Fjord kommune:

“Formannskapet ber administrasjonen innarbeide ei rutine med rapportering på gjennomføring og økonomisk resultat til formannskapet på prosjekt som har fått stønad.”

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Nytt punkt - Tillegg**

Dagrun Agnes Vikesland (SV)

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 110/25 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Søknaden vert ikkje innvilga.

Protokolltilførsel:

Formannskapet ber administrasjonen innarbeide ei rutine med rapportering på gjennomføring og økonomisk resultat til formannskapet på prosjekt som har fått stønad.

111/25: Næringsfondet 2025 - Meretes Garden Myklebust- Saksutgreiing

Kommunedirektøren si innstilling:

Det blir innvilga støtte på kr 187 500. Støttebeløpet skal ikkje overstige 50 % av totalt kapitalbehov i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 375 000 , vil støttebeløpet bli redusert tilsvarende slik at dette ikkje utgjør meir enn 50 % av det totale kapitalbehovet.

Formannskapet 30.10.2025:

Behandling:

Fellesframlegg for utsetting av saka., foreslått av ,

Saka vert utsett.

Det vart lagt fram fellesforslag til vedtak om å utsette saka.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Fellesframlegg for utsetting av saka.**

For: 6 stemmer (100%) - Frp 1, H 1, H 1, Sp 1, SP 1, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 095/25 Vedtak:

Saka vert utsett.

Formannskapet 27.11.2025:

Behandling:

Endring, foreslått av Dagrun Agnes Vikesland, Sosialistisk venstreparti

Det blir innvilga støtte på kr 145014. Støttebeløpet skal ikkje overstige 50% av totalt kapitalbehov i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn 290028, vil støttebeløpet bli redusert tilsvarande slik at det ikkje utgjer meir enn 50% av deg totale kapitalbehovet.

Felles endra framlegg til vedtak med korrekte tal vart lagt fram av Dagrun Agnes Vikesland (SV).

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 0 stemmer (0%)

Nytt forslag - Endring: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Dagrun Agnes Vikesland (SV), Andre partier: AP, Frp, H, Sp

FS- 111/25 Vedtak:

Det blir innvilga støtte på kr 145 014. Støttebeløpet skal ikkje overstige 50% av totalt kapitalbehov i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn 290 028, vil støttebeløpet bli redusert tilsvarande slik at det ikkje utgjer meir enn 50% av deg totale kapitalbehovet.

112/25: Næringsfondet 2025 - Simek AS - Saksutgreiing

Kommunedirektøren si innstilling:

Det blir innvilga støtte på kr 200 000. Støttebeløpet skal ikkje overstige 24,2 % av totalt kapitalbehov i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 826 000 , vil støttebeløpet bli redusert tilsvarande slik at dette ikkje utgjer meir enn 24,2 % av det totale kapitalbehovet.

Formannskapet 30.10.2025:

Behandling:

Fellesframlegg for utsetting av saka., foreslått av ,
Saka vert utsett.

Det vart lagt fram fellesforslag til vedtak om å utsette saka.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Fellesframlegg for utsetting av saka.**

For: 6 stemmer (100%) - Frp 1, H 1, H 1, Sp 1, SP 1, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 096/25 Vedtak:

Saka vert utsett.

Formannskapet 27.11.2025:

Behandling:

Nytt forslag, foreslått av Ester Reidun Vinje Nilsen, Høgre

Det innvilges støtte på kr 330 400. Støttebeløpet skal ikkje overstige 40% av totalt kapitalbehov i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn 826 000 vil støttebeløpet reduseres tilsvarende slik at dette ikkje utgjer meir enn 40% av det totale kapitalbehovet.

I oppdrag av ordføraren vart det sendt ut 2 ekstra vedlegg i saka, i lag med innkallinga til formannskapsmøte:

- Vedlegg 1 - FS-sak 112-25 - Justert søknad til Næringsfondet - Simek AS
- Vedlegg 2 - FS-sak 112-25 - E-postoversending - Justert søknad til Næringsfondet - Simek AS

Vedlegga vart sendt til kommunen etter utsetting av saka i formannskapsmøtet 30.10.25. Simek AS viser på statens regelverk som tilseier at det kan gis opp til 50% støtte, og justerer søknaden opp til 50% av søknadsbeløpet, kr. 413 000.

Ester Reidun Vinje (H) fremma nytt forslag til vedtak.

Votering nr 1 - Voting over forslag

Opprinnelig forslag: 0 stemmer (0%)

Nytt forslag - Nytt forslag: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Ester Reidun Vinje Nilsen (H)

FS- 112/25 Vedtak:

Det innvilges støtte på kr 330 400. Støttebeløpet skal ikkje overstige 40% av totalt kapitalbehov i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn 826 000 vil støttebeløpet reduseres tilsvarende slik at dette ikkje utgjer meir enn 40% av det totale kapitalbehovet.

113/25: Næringsfondet 2025 - Vad Eiendom - Saksutgreiing

Kommunedirektøren si innstilling:

Det blir innvilga støtte på kr 149 560. Støttebeløpet skal ikkje overstige 20 % av totalt kapitalbehov i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 747 802 , vil støttebeløpet bli redusert tilsvarende slik at dette ikkje utgjer meir enn 20 % av det totale kapitalbehovet.

Formannskapet 30.10.2025:

Behandling:

Fellesframlegg for utsetting av saka., foreslått av ,
Saka vert utsett.

Det vart lagt fram fellesforslag til vedtak om å utsette saka.

Votering nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Fellesframlegg for utsettting av saka.**

For: 6 stemmer (100%) - Frp 1, H 1, H 1, Sp 1, SP 1, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 097/25 Vedtak:

Saka vert utsett.

Formannskapet 27.11.2025:

Behandling:

Votering nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 113/25 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Det blir innvilga støtte på kr 149 560. Støttebeløpet skal ikkje overstige 20 % av totalt kapitalbehov i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 747 802 , vil støttebeløpet bli redusert tilsvarende slik at dette ikkje utgjer meir enn 20 % av det totale kapitalbehovet.

114/25: Næringsfondet 2025 Bjørstad Velvære

Kommunedirektøren si innstilling:

Det blir innvilga støtte på kr 77 577 . Støttebeløpet skal ikkje overstige 50 % av totalt kapitalbehov i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 155 154 , vil støttebeløpet bli redusert tilsvarende slik at dette ikkje utgjer meir enn 50 % av det totale kapitalbehovet.

Formannskapet 30.10.2025:

Behandling:

Fellesframlegg for utsettting av saka., foreslått av ,

Saka vert utsett.

Det vart lagt fram fellesforslag til vedtak om å utsette saka.

Votering nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Fellesframlegg for utsettting av saka.**

For: 6 stemmer (100%) - Frp 1, H 1, H 1, Sp 1, SP 1, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 098/25 Vedtak:

Saka vert utsett.

Formannskapet 27.11.2025:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 114/25 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Det blir innvilga støtte på kr 77 577 . Støttebeløpet skal ikkje overstige 50 % av totalt kapitalbehov i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 155 154 , vil støttebeløpet bli redusert tilsvarende slik at dette ikkje utgjør meir enn 50 % av det totale kapitalbehovet.

115/25: Næringsfondet 2025 Eidsdal hotel & Restaurant As

Kommunedirektøren si innstilling:

Det blir innvilga støtte på kr 233 700 . Støttebeløpet skal ikkje overstige 50 % av totalt kapitalbehov i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 467 400 , vil støttebeløpet bli redusert tilsvarende slik at dette ikkje utgjør meir enn 50 % av det totale kapitalbehovet.

Formannskapet 30.10.2025:

Behandling:

Fellesframlegg for utsetting av saka., foreslått av ,
Saka vert utsett.

Det vart lagt fram fellesforslag til vedtak om å utsette saka.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Fellesframlegg for utsetting av saka.**

For: 6 stemmer (100%) - Frp 1, H 1, H 1, Sp 1, SP 1, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 099/25 Vedtak:

Saka vert utsett.

Formannskapet 27.11.2025:

Behandling:

Nytt forslag, foreslått av Jan Are Remme, Høgre

Søknaden vert ikkje innvilga. Næringsfondet ser positivt på satsinga, og imøteser i så måte ny søknad basert på kriteria og dokumentasjonskrava i retningslinjene for Næringsfondet.

Jan Are Remme (H) fremma nytt forslag til vedtak.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 0 stemmer (0%)

Nytt forslag - Nytt forslag: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Jan Are Remme (H), Andre partier: Frp, H

FS- 115/25 Vedtak:

Søknaden vert ikkje innvilga. Næringsfondet ser positivt på satsinga, og imøteser i så måte ny søknad basert på kriteria og dokumentasjonskrava i retningslinjene for Næringsfondet.

116/25: Næringsfondet 2025 Leif Grønning - Saksutgreiing

Kommunedirektøren si innstilling:

Det blir innvilga støtte på kr 187 500 . Støttebeløpet skal ikkje overstige 50 % av totalt kapitalbehov i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 375 000 , vil støttebeløpet bli redusert tilsvarende slik at dette ikkje utgjer meir enn 50 % av det totale kapitalbehovet.

Formannskapet 30.10.2025:

Behandling:

Fellesframlegg for utsettting av saka., foreslått av ,
Saka vert utsett.

Det vart lagt fram fellesforslag til vedtak om å utsette saka.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Fellesframlegg for utsettting av saka.**

For: 6 stemmer (100%) - Frp 1, H 1, H 1, Sp 1, SP 1, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 100/25 Vedtak:

Saka vert utsett.

Formannskapet 27.11.2025:

Behandling:

Formannskapet oppdaga at det stod eit null for lite i kommunedirektøren si innstilling.
Kommunedirektøren kunne bekrefte at det totale kapitalbehovet ikkje skal vere kr 375 000, men kr 375 000.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 116/25 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Det blir innvilga støtte på kr 187 500 . Støttebeløpet skal ikkje overstige 50 % av totalt kapitalbehov i prosjektet. Dersom totalt kapitalbehov i prosjektet blir lågare enn kr 375 000 , vil støttebeløpet bli redusert tilsvarende slik at dette ikkje utgjer meir enn 50 % av det totale kapitalbehovet.

117/25: Val av politisk representant og vara til Ottadalsrådet

Valnemnda si innstilling:

Fjord kommune vel følgjande politisk representant og vara til Ottadalsrådet:

Fast representant: Terese Jemtegård Moen, ordfører

Vara: Jens Einar Aklestad, varaordfører

Formannskapet 27.11.2025:

Behandling:

Jens kommentert at han ikkje har blitt førespurt av Valnemnda, men vil gjerne stille som vara til Ottadalsrådet. Saka skal vidare til kommunestyret for endeleg avgjerd.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 117/25 Vedtak:

Valnemnda si innstilling:

Fjord kommune vel følgjande politisk representant og vara til Ottadalsrådet:

Fast representant: Terese Jemtegård Moen, ordfører

Vara: Jens Einar Aklestad, varaordfører

118/25: Referatsaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Referatsakene blir tatt til orientering.

Formannskapet 27.11.2025:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 118/25 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Referatsakene blir tatt til orientering.

119/25: Handlingsplan mot vald i nære relasjonar for kommunane på Sunnmøre 2026-2030

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommunestyre vedtar Handlingsplan mot vald i nære relasjonar på Sunnmøre 2026 – 2030 slik den ligg føre.

Formannskapet 27.11.2025:

Behandling:

Saka vart drøfta.

Dagrun Agnes Vikesland (SV) kommenterte at dokumentet er meir eit oppslagsverk enn ein handlingsplan.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 6 stemmer (86%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2

Mot: 1 stemme (14%) - SV 1

FS- 119/25 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommunestyre vedtar Handlingsplan mot vald i nære relasjonar på Sunnmøre 2026 – 2030 slik den ligg føre.